



## Møteinnkalling

**Utval:** Fitjar sokneråd  
**Møtestad:** Kyrkjestova  
**Dato:** Onsdag 05.11.2025  
**Tid:** Kl. 18.30 - 21.00  
**Ord for dagen:** **Kari Raunholm**

Forfall må meldast til kyrkjeverja: kyrkja@fitjar.kommune.no eller tlf. 913 47 802.

Varamedlemer får kopi av innkallinga og vert kalla inn ved behov.

**I starten på møtet vert det sett av inntil 45 min. til samtale med dei tilsette i kyrkja.**

### Innkallinga er sendt til:

|                                                                                                      |                       |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------|
| Svein Lunde                                                                                          | Leiar                 |
| Anne Marie Røed                                                                                      | Nestleiar             |
| Tom Rydland                                                                                          | Medlem                |
| Anne Kristin Skår                                                                                    | Medlem                |
| Håkon Rydland Sæbø                                                                                   | Medlem                |
| Mette Elisabeth Lambach                                                                              | Medlem                |
| Lilli Anne Drønen Jæger                                                                              | Medlem                |
| Kari Raunholm                                                                                        | Medlem                |
| Olav J. Oma                                                                                          | Sokneprest            |
| Gisle Levåg                                                                                          | Kommunal representant |
| Kopi til varamedlemene<br>Wenche A. Helland<br>Karin Korsvik<br>Nils Andreas Brekke<br>Aase Nøttveit |                       |

Fitjar, 31. oktober 2025

Svein Lunde  
soknerådsleiar

Harald Rydland  
kyrkjeverje

## Sakliste:

| SAK     | ARKIVKODE | TITTEL                                                 | KOMMUNAL REPR. |
|---------|-----------|--------------------------------------------------------|----------------|
| 2025/70 | 012.1     | Godkjenning av innkalling og sakliste                  | X              |
| 2025/71 | 012.1     | Godkjenning av referat frå møte den 2. oktober         | X              |
| 2025/72 |           | Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkjelyden      |                |
| 2025/73 |           | Val av leiar, nestleiar og skrivar                     | X              |
| 2025/74 |           | Møteplan for 1. halvår 2026                            | X              |
| 2025/75 |           | Høyringssak om valreglar for kyrkjevalet               | X              |
| 2025/76 |           | Avtale om utleige av tenester til Bakken Kystbarnehage | X              |
| 2025/77 |           | Tilsetjingsprosess for ny sokneprest i Fitjar          |                |
| 2025/78 |           | Gudsteneste- og kollektliste for 1. halvår 2026        |                |
| 2025/79 |           | Ungdomsarbeidet i kyrkjelyden (utsett sak frå 18.9.25) |                |
| 2025/80 |           | Meldingar                                              | X              |
| 2025/81 |           | Open post                                              | X              |
|         |           |                                                        |                |
|         |           |                                                        |                |
|         |           |                                                        |                |
|         |           |                                                        |                |

## Vedlegg

1. Utkast til avtale mellom Fitjar sokn og Bakken Kystbarnehage
2. Referat frå møte den 2. oktober
3. Utlysingstekst frå sist det vart tilsett sokneprest i Fitjar kommune
4. Høyringsbrev frå kyrkjerådet
5. Høyringsnotat frå kyrkjerådet
6. Årshjul for soknerådet

### **Sak 2025/70 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Framlegg til vedtak:**

Innkalling og sakliste er godkjent.

### **Sak 2025/71 012.1 Referat frå møte den 2. oktober**

Evt. merknader til referatet kan fremjast i møtet.

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet stadfester referat frå møte den 2.10.2025.

### **Sak 2025/72 Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkjelyden**

På møtet vil soknepresten gje ei kort orientering om aktivitetane i kyrkjelyden den siste tida, samt litt om det som skal gjennomførast i tida som kjem.

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

### **Sak 2025/73 Val av leiar, nestleiar og skrivar**

Etter ordninga for Den norske kyrkja er det soknerådet som vel leiar, nestleiar og evt. andre funksjonar som medlemene skal fylla i rådet. Hos oss i Fitjar har det dei siste åra vore vanleg at ein vel personar til desse funksjonane for eitt år om gongen. Slik eg forstår det seier noverande leiar frå seg attval. Soknerådet har ikkje eiga valnemnd. Difor er det bra om rådet tek kollektivt ansvar for at det vert gjort eit arbeid med å finna kandidatar til dei ulike verva før valet skal finna stad.

#### **Framlegg til vedtak:**

Det er ikkje framlegg til vedtak i saka

### **Sak 2025/74 Møteplan for 1. halvår 2026**

I framlegget til møteplan, som er lagt ved saka, er det lagt opp til at soknerådsmøta framleis skal vera torsdag kveld kl. 18.30. To av torsdagane kvar månad er det faste arrangement i kyrkja. Diakoninemnda har Open kyrkje den første torsdagen i månaden medan Temakveldgruppa har konsert eller føredrag den siste torsdagen. Dette er det teke omsyn til i møteplanen. Dersom det er stemning i soknerådet for å endra møtedag kan planen justerast i tråd med det. Det er lagt opp til eitt møte i månaden frå august – juni.

I tillegg til det som er teke med i planen, kan det vera behov for å kalla inn til ekstraordinære møte når saker som hastar skal avgjerast.

Når møteplanen skal fastsetjast bør soknerådet ta med kyrkjelyden sitt årsmøte som skal haldast på våren. Det har vore tradisjon å ha møtet etter ei sundagsgudsteneste . I fjor vart årsmøte halde i kyrkja før eit soknerådsmøte. Soknerådet må avgjera korleis dette skal løysast i 2026.

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet fastset slik møteplan for 1. halvår 2026:

| MÅNAD   | MØTEDATO     | SAKER                        |
|---------|--------------|------------------------------|
|         |              |                              |
| JANUAR  | Torsdag 22.  | Detaljbudsjett 2026          |
|         | AU onsdag 7. |                              |
|         |              |                              |
| FEBRUAR | Torsdag 19.  |                              |
|         | AU onsdag 4. |                              |
|         |              |                              |
| MARS    | Torsdag 19.  |                              |
|         | AU onsdag 7. |                              |
|         |              |                              |
| APRIL   | Torsdag 23.  | Årsmelding og rekneskap      |
|         | AU onsdag 8. |                              |
|         |              |                              |
| MAI     | Torsdag 21.  |                              |
|         | AU onsdag 6. |                              |
|         |              |                              |
| JUNI    | Torsdag 11.  | Gudstenesteplan hausten 2026 |
|         | AU onsdag 3. |                              |

#### **Sak 2025/75 Høyringssak om valreglar for kyrkjevalet**

Den norske kyrkja v/ kyrkjerådet har sendt ut ei høyringssak om valreglar for kyrkjevalet. Fristen for å svara er sett til 21. november. Det er lagt opp til at svar skal sendast på eit digitalt skjema som er å finna her: <https://forms.office.com/e/3v1zLccZ7x>

Neste kyrkjeval skal finna stad hausten 2027. Kyrkjerådet føreslår ein del endringar som eg ikkje gjer greie for her, men det er råd å lesa seg opp gjennom vedlegga til innkallinga, eller ved å gå inn på kyrkjerådet si heimeside.

Eit tema som har vore drøfta i Fitjar sokneråd, er at nominasjonskomiteen bør ha høve til å gje stemmetillegg (førehandskumulering) av nokre kandidatar på lista: I samband med nominasjonsarbeidet er det gjerne ynskeleg å få kandidatar som kan tenkja seg å ta leiarverv i rådet.

Derspm det er råd å avklara slike forhold i nominasjonsprosessen, er det greitt å setja desse personane øvst på lista. Om det er høve til å gje stemmetillegg slik som i kommunevalet, der dei førehandskumulerte får 25 % tillegg frå kvar veljar, kan det vera med å hindra at dei som er ekstra motiverte for å gjera ein innsats hamnar utafor rådet når stemmene er talde opp.

Utover dette oppmodar eg medlemene til å lesa seg opp på det som er å finna av dokumentasjon om saka.

### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet gjev arbeidsutvalet fullmakt til å senda høyringssvar i tråd med det som kom fram då rådet drøfta saka. M.a. desse punkta:

1. -----
2. -----
3. -----
4. -----

### **Sak 2025/76 Avtale om utleige av tenester til Bakken Kystbarnehage**

Soknerådet hadde på møte i april oppe ei sak om utleige av tenester til Bakken Kystbarnehage. Barnehagen er ei eiga stifting som i si tid vart skipa av soknerådet. Stiftinga styrer seg sjølv, men soknerådet har oppdraget med å oppnemna styremedlemer til stiftinga.

Barnehagen har det som vert kalla utvida føremålsparagraf som legg opp til at kristen trusopplæring skal vera ein del av kvardagen for barna som er der. For at dette vert gjennomført på ein god måte med høg kvalitet, er det ynskje om å leiga soknet sin kyrkjelydspedagog for å støtta dei tilsette i denne delen av barnehagedrifta.

Kyrkjelydspedagogen vår har 90 % stilling og fyller til vanleg opp heile stillinga med oppgåvene som ligg i trusopplæringsplanen, konfirmantarbeid og anna barne- og ungdomsarbeid saman med frivillige. For tida held ho og på med tilleggsutdanning i kyrkjeleg undervisning. På bakgrunn av dette er det for tida ikkje rom for å leiga ut noko av kapasiteten i den faste stillinga, eller auka opp til større stilling.

Soknerådet har tidlegare vist positiv vilje for å få tettare samarbeid mellom barnehagen og kyrkja. For å få dette til har soknerådsleiaren og styreleiaren i barnehagen drøfta ulike løysingar. Det dei har komme fram til no, er at barnehagen kan leiga kyrkjelydspedagogen på timebasis så langt det er tid og kapasitet. Det er ikkje tanken at den faste stillinga til kyrkjelydspedagogen skal aukast no, men det er ikkje utleukka at det kan skje på sikt. I eit utkast til ein avtale, som på langt nær er ferdig utforma, er det lagt inn kva som kan vera aktuelle oppgåver. Dette avtaleutkastet er lagt ved innkallinga.

Det er lagt opp til at barnehagen skal betala ein timesats der soknet får dekkja alle dei direkte kostnadane til løn og anna, samt å ha eit påslag som kan dekkja indirekte kostnader.

I avtaleutkastet er det skissert at samarbeidet skal reknast som ei prøveordning frå 1. januar 2026. Sidan soknet ikkje tek økonomisk eller anna risiko i ein slik avtale, ville det vore greitt om soknerådsleiaren fekk fullmakt til å inngå ein avtale for ein prøveperiode på eitt år. Den daglege gjennomføringa av innhaldet i avtalen må kyrkjeverje/kyrkjelydspedagog og styraren i barnehagen verta samde om.

#### **Framlegg til vedtak:**

1. Soknerådet går inn for at det vert etablert eit samarbeid der Fitjar sokn leiger ut kyrkjelydspedagogen til å utføra tenester i Bakken Kystbarnehage.
2. I første omgang kan det avtalast eit prøveprosjekt på eitt år.
3. Soknerådsleiaren får fullmakt til å inngå avtale med Bakken Barnhage i tråd med premissane i saka.

#### **Sak 2025/77 Tilsetjingsprosess for ny sokneprest i Fitjar kommune**

Olav J. Oma har fått tilbod om å verta tilsett som sokneprest i Nysæter sokn. Han gjev uttrykk for at vil takka ja til stillinga. Fitjar sokneråd vert difor involvert i prosessen med å tilsetja ny sokneprest i Fitjar. Tilsetjing vert til slutt gjort av eit tilsetjingsutval i Bjørgvin bispedøme som tel fire personar. Det er stiftsdirektøren, prosten i Sunnhordland, tillitsvald for prestane og eitt medlem av Fitjar sokneråd.

Før tilsetjinga vert gjennomført skal saka gjennom ein omfattande prosess som kan skisserast slik:

1. Det vert utarbeida ein utlysingstekst der soknerådet får komma med innspel
2. Den ledige stillinga vert lyst ut
3. Når søknadsfristen er ute vert aktuelle kandidatar kalla inn til intervju
4. Intervjua vert gjennomført av eit utval der eitt av medlemene er frå Fitjar sokneråd
5. Før tilsetjinga får soknerådet høve til å uttala seg om kandidatane
6. Tilsetjinga vert avgjort

Det første soknerådet må ta stilling til er innhaldet i utlysinga. Sist det var tilsetjing av sokneprest i Fitjar vart det brukt ein tekst som ligg ved denne innkallinga.

#### **Framlegg til vedtak:**

1. Leiaren i soknerådet vert vald til å vera rådet sin representant i prosessen med å tilsetja ny sokneprest i Fitjar. Dersom leiaren må melda forfall skal nestleiaren tre inn i staden for leiaren.
2. Soknerådet sluttar seg til utlysingsteksten, slik den er forma etter drøftingane i rådet.

### **Sak 2025/78 Gudsteneste- og kollektliste for 1. halvår 2026**

Gudstenesteutvalet har vore samla for å laga gudstenesteliste for 1. halvår 2026. Lista er med som vedlegg til innkallinga. Spørsmål, kommentarar og framlegg til endringar i lista kan verta lagt fram i møte.

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet vedtek plan for gudstenester og kyrkjeoffer 1. halvår 2026 slik den ligg føre.

### **Sak 2025/79 Ungdomsarbeidet i kyrkjelyden (drøftingssak, utsett sak frå 18.9.25)**

Før sommaren hadde soknerådet oppe ei sak om ei foreining som var under skiping. Føremålet for foreininga var å etablere ein ungdomsfestival med utgangspunkt i arbeidet som The Send/ Good News driv. Ulike kyrkjelydar og forsamlingar i Sunnhordland vart inviterte til å vera med på arbeidet. Soknerådet ville ha meir informasjon om tiltaket før det vart teke avgjerd om deltaking.

I løpet av sommaren har Håkon Rydland Sæbø hatt dialog med nokre av dei andre aktørane. Anne Marie Røed, saman med soknerådet sitt AU har og vore engasjert i saka. På møtet vil det bli orientert nærare om det som har komme fram, og soknerådet vert invitert til å drøfta saka.

Etter at saka vart lagt fram i september har fleire av dei tilsette og soknerådet sine medlemer vore med på prostidag der ungdomsarbeidet i kyrkja var tema. Anne Marie Røed vil på møtet fortelja om det som var oppe på samlinga.

#### **Framlegg til vedtak:**

Det er ikkje framlegg til vedtak i saka

### **Sak 2025/80 Meldingar**

I møte vert det lagt fram munnleg informasjon om desse sakene:

- a. Status for rekneskap pr. 31. oktober (Harald)
- b. Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett for 2026 (Harald)
- c. Status for nye prosjekt på gravplassen (Harald)

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet tek meldingane til vitande

### **Sak 2025/81 Open post**

#### **Framlegg til vedtak:**

Det er ikkje framlegg til vedtak i saka